

---

**Fra:** Nils-Arne Træland <nils-arne@lindaasvvs.no>  
**Sendt:** 19. februar 2016 13:00  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Kulturmidlar Manger Musikklag vår 2016

Hei!

På vegner av Manger Musikklag ber eg om utbetaling av kulturmidlar kr 25 000,- for første halvdel av 2016.

Musikklaget har sidan sist gjennomført og skal gjennomføra fleire store prosjekt.

Noregsmeisterskapen vart ein suksess for vår del med 2 fulle hus i Grieghallen. Me skulle helst vinne, men er godt nøgd med jobben som vart gjort i oppkjøring og på NM. Me fekk veldig mykje positiv merksemd både i sosiale media og i lokalpressa.

No står vår storsatsing Festaften for døra, denne gong i Hordabøhallen. Med oss har me 3 songarar frå Oslo, Underhaldningsvogna, også kjent frå beat for beat på NRK 1.

I tillegg har me invitert med oss The Blues Brazz Collective, der fleire tidlegare medlemmer av MML er med. Dei skal underhalde utover kvelden og natta.

Musikklaget skal i løpet av våren halde 4 konserter på Radøy, det er me veldig stolte av. Bl. anna før NM-konsert for skulekorpsa våre.

I tillegg vert det 2 turnear denne våren, Stormfestivalen i Måløy samt den nystifta Oslo Brassfestival, me gler oss til desse turane.

Musikklaget bruker mykje ressurser på rekruttering mot unge lovande musikanter i Radøy Kommune, utan støtta frå Radøy Kommune hadde denne aktiviteten vore vanskeleg, og me er svært takksame for støtta.

Me ynskjer å være gode ambassadører for kommunen og på den måter gje noko att til kommunen vår.

Med helsing  
Nils-Arne Træland  
Styreleiar  
Manger Musikklag